



Notat

Dato: 19.05.2017
Arkivsak: 2017/938-11
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål om verdikort på ferje

På møte i utval for miljø og samferdsel den 15. mars 2017 stilte representanten **Atle Kvåle** (A) slikt spørsmål:

«Er det Hordaland fylkeskommune som har fullmakt til å bestemma rammene for verdikort på fylkesferjer, eller er det Samferdselsdepartementet?»

Fylkesrådmannen kan opplysa fylgjande. Hordaland fylkeskommune har valt å leggja riksregulativet til grunn for pris på ferje. Rammene for ferjekort er sett nasjonalt, med omsyn til kor mykje ein kan fylle på og reglar for rabatt (www.ferjekort.no). Skyss sel også egne kombinasjonsbilletter for dei som reiser kollektivt, prisen for desse er det fylkeskommunen som fastset.